



MYKJE ARTIG: Borna kunne vera med på mange kjekke aktivitetar (Foto: Privat)



GULLGRAVING: Malvin Eikeland Kutschera (7) leita etter gull. Det vart nytta stein belagt med ekte gull. Foto: Lena Eikeland Kutschera



VED SKULESTOVA: Kenneth Bratland og Morten Kutschera utanfor skulestova frå 1893. Dei var medhjelparar på familiedagen.

Laga liv i emigranthusa

Karen Hovland frå Os koste seg då ho tok turen til Nordhordland laurdag. Då var det nemleg arrangert «Liv i emigranthusa» på Sletta med «nybyggjar» som tema.

Av Ella Sandra Dahl Berland

I regi av Vestnorsk Utvandrings-senter var det som ein del av Kystsogevekene arrangert familiedag i emigranthusa på Sletta. Karen Hovland var lokka av Emigrantkyrkja, og tok dermed turen. Ho vart ikkje skuffa.

Mangfald av aktivitetar

– Det var mykje artig å oppleve, med mange flotte aktivitetar for borna, seier Karen.

Det var ein indianerleir og ein steinalderpost, og postar for gullgraving, bogeskyting og spydkasting. Det var òg utstilling med teikneseriar og teiknefilmfrå Vesten, og ein post med lefse-, flatbrød-, og vaffelbaking. Mari Karoline Mellingen (16) hadde sommarjobb på Sletta i år, og var då guide. Det var ho laurdag òg, og fortalde om dei seks bygningane på utvandringsenteret.

– Det er eitt hus som fungerte som fengsel og rådhus, ein lærarbolig, ei kyrkje, eit doktorkontor, eit nybyggjarhus og ei skulestove, seier ho.

I skulestova kunne ein lata som ein var nybyggjar, og skriva Amerikabrev til å «senda heim».

Verdas skarpaste

Morten Kutschera var ein av medhjelparane på arrangementet. Han var utkledd som steinaldermann, og laga både amerikanske og norske reiskapar, mellom anna flintknivar og pilspissar.

– Dei norske reiskapane var



EMIGRANTHUSA: Karen Hovland og Mari Karoline Mellingen (16) utanfor nybyggjar-husa. Heilt til venstre ser ein fengselet, dernest lærarboligen, nybyggjarhuset, doktorkontoret og til slutt skulestova.

laga av flint, medan indianarane i Amerika nytta verdas skarpaste materiale, nemleg obsidian. Det er rett og slett vulkansk glas, seier han.

Sterke relasjonar

Sjølv om aktivitetane var mest berekna for born, gjorde ikkje det noko for Karen Hovland.

– Det er viktig at borna får utfolda seg, og på denne måten læra om historia, seier ho.

Ho kom hovudsakleg for å få med seg Emigrantkyrkja, og for å få med seg litt historie. Ho har

sjølv familie som emigrerte til Amerika, og nokre av etterkommarane av nybyggjarane snakkar framleis norsk.

– Min far sine fire onklar emigrerte til Amerika. Eg har rundt 50 tremenningar og annan familie i Amerika, og heilt sidan 1963 har me prøvd å møtast nesten kvar sommar, seier ho.

Ho fortel at mange av amerikanarane som har nordmenn som opphav, framleis har sterke relasjonar til Noreg. Ho er imponert over at Noreg står så høgt for amerikanarane, og fortel

at ho mottok mange helsingar frå Amerika i sommar, då dei høyrde på nyheitene om kva som hadde hendt i Oslo.

– Det er rørende at dei er så opptekne av korleis situasjonen er her, også i dag, seier ho.

Bra tiltak

Karen synest det er veldig bra at Vestnorsk Utvandrings-senter har laga dette tilbodet.

– Dette var ein dag for refleksjon og ettertanke for meg. Dette er vår historie, og noko som er viktig å ta vare på. Det er så få

stader i Noreg som har markert dette, så eg er glad for at Radøy og Vestnorsk Utvandrings-senter har engasjert seg. Det seier noko om folk når dei vil ta vare på desse viktige verdiane, fortel ho.

Alle emigranthusa stod på prærien i North-Dakota i Amerika, og er plukka frå kvarandre og sendt til Noreg.